



LEIAR

Sjøvegen og sviket

IFØLGJE SOGA var den greske kongen og skrekkeksempelen Sisofys oppteken av å fremme sjøfart og handel. Men han var også svikefull. Han drap reisande og sine egne gjestar.

Gjennom siste utgåvene av Nordre har Asbjørn Schjelderup på Store Kalvøy ønskt at næringslivet og innbyggjarane i Haram skjønner konsekvensen av etterlengta Nordøyvegen som kjem. Konsekvensen av at hurtigbåten forsvinn som transportmedel her.

NEI DÅ, SCHJELDERUP ER IKKJE motstandar av Nordøyvegen, men han er kritisk fordi Nordøyvegen gir dårlegare pendlarkår for dei som skal til byen. Både

Det beste er sjølv sagt å få på plass Hamnsund-sambandet

dei som reiser med hurtigbåt frå Nordøyane til Ålesund og dei som pendlar mellom Hamnsund-kaia og Ålesund, får mykje lengre reiseveg når Nordøyvegen kjem på plass.

Schjelderup har ikkje trua på at det vert noko kommersiell pendlarrute med hurtigbåt då. Det vert for dyrt, og dagens rutesubsidiar skal betale for Nordøyvegen.

SJØLV OM PROBLEMSTILLINGA ikkje er ny, er det eit viktig spørsmål.

Korleis vert lokalt næringsliv råka når reisetida for pendlarar mellom Søvik og Ålesund aukar med ein dryg time kvar dag? Det er nemlig skilnaden mellom ein tur-retur med bil og med hurtigbåt. Med buss vert det enda treigare å reise landvegen.

Problemet er såpass oppi dagen at alle relevante kreftar bør engasjere seg i saka. Det beste er sjølv sagt å få på plass Hamnsund-sambandet, med bru eller tunnell frå Haram til landfaste Valderøya eller Ellingsøya. B-planen må vere å få ei fungerande pendlarløysing, som ikkje undergrev betalinga med bompengar som finansierer Nordøyvegen.

Ifølgje saga fekk Sisofys til evig straff av gudane å skyve ein stein opp på eit fjell. Straks steinen var komen opp, rulla han ned att. Sisofys måtte på han igjen.

Det vert kalla sisofysarbeid, arbeidet der ein aldri kjem i mål. Som arbeid med samferdsle.